Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Leinstrand

Emne: Julenissen Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad Gard:

(adresse): Heimdal G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I a) I 60-70 år.

b) På juletrefestar i skulen for skuleborna.

c) Mindre ved reklame ved julekort og anna.

II a) Alle julegåvor. På juletrefestar deler han ut frukt, epler, oppelsiner og poser med godteri i tid.

b) Nei, i alle fall sjeldan.

III a) Ein (eller to) av skolegutarne i skulen. I heimane ein av dei eldre syskina, eller far sjølv.

b) Det er ein ikkje så nøgje med, kanskje helst ein av dei største.

IIII Maske med kvitt skjegg, (raud) topplue og sekkfullt.

V I ~~det~~ dei allerflest tilfelle er maska kjøpt.

VI Julebukk er avleggs. Då dei gjekk julebukk var det om å gjera å vera mest mogeleg ukjenneleg, det gjeld også julenissen.

VII Sjå pkt VI.

VIII Det er nok ein samanheng i tanken, men eg trur ikkje det er falt mange som bit saman den gamle og nye nissen.

IX Det går nok ymse forteljingar om „strømpeleskar" og anna, men så vidt eg kjenner til det, er det lite eller inkje bruka her i bygdene.

6334